

## Ekstraordinært kommunalt næringsfond

### Opprett ny søknad på støtteordning

Kommunal og Moderniseringsdepartementet har tildelt kommunane eit eingongstilskot til nærings tiltak mot koronakrisa. Vestland Fylke har løyvd tildelt kr. 964.468,- til Samnanger kommune etter ein fordelingsnøkkel basert på sysselsetting, nærings samansetjing, distriktsfaktor og skjøn.

Bedrifter, etablerarar og andre næringsaktørar har høve til å søkje kommunen om tilskot. Næringsaktør betyr i denne samanheng aktørar som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling. Det kan søkast om midlar til bedriftsutvikling og investeringar. For tilskot til bedriftsutvikling kan samla støtte frå næringsfondet som hovudregel ikkje overstige 50% av kapitalbehovet. I prosjekt som svarar til særleg mange tiltak, kan det gjevast inntil 75% støtte. Dette inkluderer bruk av tilsvarende fond i andre kommunar for regionale prosjekt. Det er ikkje beløpsgrense for bedriftsutviklingstilskot.

I vurderinga av søknadane vert det særskilt lagt vekt på:

- I kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- I kor stor grad ein reknar med at tiltaket vil kunne motverke dei negative verknadane av covid-19-utbrotet
- kor raskt tiltaket kan setjast i gang.

Informasjon om dette må framkome i søknadane.

Første søknadsfrist er 1. oktober, deretter 1. november. Det skal søkjast i portalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) .

Midlane vert forvalta i tråd med "[Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet](#)", og eigne lokale retningslinjer. Samnanger Kommune er forvaltar av det ekstraordinære næringsfondet, og formannskapet vil gje endeleg tilsegn på innkomne søknadar.

Samnanger næringsforum vil og bistå kommunen med spørsmål og handsaming av søknadar. Eventuelle spørsmål knytt til utlysinga eller søknad kan rettast til;

Samnanger kommune ved leiar for samfunnsutvikling: Hilde-Lill Våge

Epost: [hilde-lill.vaage@samnanger.kommune.no](mailto:hilde-lill.vaage@samnanger.kommune.no) tlf 56587422

Samnanger Næringsforum, ved styreleiar Knut M. Bjørnås

Epost: [post@samnanger-naering.no](mailto:post@samnanger-naering.no) Mobil: 97094408.

